

Smøla kommune

Strategiplan for gravplassane



2014

Innhald

Føreord	3
Sakshandsaming	4
Regelverk for gravplassar	4
Generelt inntrykk av teknisk tilstand for gravplassane	6
Edøya gravplass	8
Ødegård gamle gravplass	10
Ødegård nye gravplass	12
Ersnes gravplass	14
Gjelberg gravplass	16
Råket gamle gravplass	18
Vollan gravplass	20
Lillenes gravplass	22
Aunvågen gravplass	24
Veiholmen gravplass	26
Sætran gravplass	28
Rokstad gravplass	30
Folketal og folketalsutvikling	31
Nedlegging av gravplassar	31
Samandrag:	33
Fellesrådet sine tilrådingar	33

Føreord

Når gravplassane er mange og driftsmidla få er det mange behov som melder seg. Når ein vil sjå fram i tid, så er det nødvendig å få eit oversyn over kva ein har, kva moglegheiter som finst for å utvikle gravplassane vidare etter nye behov, og kva avgrensingar som finst som ein må ta omsyn til.

Kyrkjeverja kontakta Folden grønt og plan den 1.3.2013 med spørsmål om firmaet kunne ha interesse av å oppgradere strategiplan for gravplassane på Smøla.

Den nasjonale konsulenten for gravplasser hadde ved kontakt ikkje kjennskap til denne typen plan, men behovet for denne typen vurderingar og dokument er det mange som har.

For Smøla kommune/Edøy prestegjeld finst det elles eit strategidokument frå 1987¹ som langt på veg tar for seg dei aktuelle emna. Nokre av tilrådingane frå den gongen er gjennomført, men mykje står igjen, og elles er det ein del føresetnader som har endra seg.

Frå nyare tid er det kjent 14 gravplassar på Smøla. Dyrnes gamle gravsted og Rokstad gamle gravsted (Elverhøy) har ikkje vore i bruk på mange tiår og har vore rekna som nedlagde alt i 1987 og blir såleis ikkje handsama på same måte som dei andre i dette dokumentet. Men fullføringa av nedleggingsprosessen vil få noko omtale.

Øystein Folden i Folden grønt og plan har utdanning i arealplanlegging (Jordskifteskulen), og har vore kyrkjeverje i 10 år. Arbeid innan anleggsgartnarfaget har vore hovudengasjement sidan 2002, med innslag av ein del planlegging knytt til gravplasser, og i det seinare også ein del kartlegging av biologisk mangfald. Dette er bakgrunnen som blir bruka ved utarbeiding av denne planen.

Tingvoll, den 18.06.2014

Øystein Folden

Folden grønt og plan

¹ «Kirkegårdssituasjonen i Edøy prestegjeld – Planlegging av fremtidige kirkegårder.»

Sakshandsaming

Dette dokumentet har først ein gjennomgang av lovverket kring gravplassane og drifta av dei.

Vidare har Folden grønt og plan gjort eit registreringsarbeid som ein teknisk gjennomgang av alle gravplassane på Smøla. I dette ligg også ei enkel vurdering av om gravplassane kan utvidast, om det er vesentlege manglar ved å halde fram med bruken av gravplassen og eventuelle andre tekniske sider ved gravplassen som ein må vite om når ein skal vurdere vegen vidare.

Dette gir då ein føresetnad for at Smøla kyrkjelege fellesråd kan skissere ei framtid for gravplassane på Smøla.

Dokumentet skal så leggjast ut på høyring, der ein vil ha tilbakemeldingar både på faktagrunnlaget og dei skissene som føreligg for framtidig gravplassdrift.

Dokumentet må så justerast i samsvar med det som kjem fram i høyringsprosessen, og så vedtakast av Smøla kyrkjelege fellesråd. Blir endringane store som følge av denne prosessen, kan det tenkjast at det må til ei ny høyring. Dokumentet vil så vere grunnlaget for Smøla kommune og Smøla kyrkjelege fellesråd for framtidig gravplassdrift.

I eit vedtak må ein sannsynlegvis også gjere endringar i kyrkjegardsvedtektene, og då skal bispedømerådet ha saka til godkjenning.

Regelverk for gravplassar

Gravferdsloven og forskriftene til denne er det viktigaste regelverket for gravplassar.

Den viktigaste paragrafen i gravferdslova er §2:

§ 2. Krav til gravplasser.

I hver kommune skal det være en eller flere gravplasser av slik størrelse at det til enhver tid er ledige graver for minst 3 pst av kommunens befolkning.

Departementet gir regler om gravplassenes utforming og utstyr, jordbunnforhold, gravstørrelser, gravdybder, gravminner, gravregister og kartverk.

Endret ved lov 26 aug 2011 nr. 40 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 26 aug 2011 nr. 866).

Folketalet i Smøla er pr. 1.1.2013 på 2180 innbyggjarar. Dvs. at det skal vere minimum 73 ledige gravplasser.

Det er kyrkjeleg fellesråd i kommunen som har ansvaret for gravplassane i kommunen, jf. gravferdsloven §3:

Folden grønt og plan

§ 3. Kirkelig fellestråds og kommunens ansvar.

Kirkelig fellestråd har ansvaret for at gravplasser og bygningar på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra fellestrådet.

Endret ved lov 26 aug 2011 nr. 40 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 26 aug 2011 nr. 866).

Det er vidare eit samspel mellom kyrkjeleg fellestråd og kommunen når det gjeld å dekke utgiftene til anlegg og drift av gravplasser. Smøla har i alt 12 gravplassar, og ganske mange av dei er opparbeidd i ei tid med andre kommunikasjonar og andre krav til gravplassane. Såleis er det no tid for å gjere ein del ganske grunnleggande vurderingar av korleis dette skal vere i framtida. Samtidig er det heilt klart at gravplassane representerer ein del av vår nære historie, med mange sterke kjensler knytt til. Dei endringane som det kan vere aktuelt å gjere må difor ta omsyn til dette. Samtidig må ein også ha auge for at kyrkjeleg fellestråd skal få til å gjennomføre ei drift av gravplassane i samsvar med regelverk og tilgang på ressursar.

I gravferdsloven sin forskrift finn ein meir detaljerte reglar om anlegg, utviding og vesentlege endringar av gravplassar, jf. § 2:

§ 2. Anlegg mv. av gravplass

Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkelig areal til gravplass og skal selv, i samråd med kirkelig fellestråd, regulere slikt areal etter kapittel 12 i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven). Regulert areal til ny gravplass eller utvidelse av gravplass skal om mulig også omfatte en buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermes mot støy i samsvar med gjeldende retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging. Bispedømmerådet skal som statlig fagmyndighet ha anledning til å uttale seg før kommunen gjør vedtak, jf. plan- og bygningsloven kapittel 11 og 12.

Anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass skal skje i henhold til plan for gravplassen som vedtas av kirkelig fellestråd og godkjennes av bispedømmerådet, jf. gravferdsloven § 4 første ledd. Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring skal behovet for særskilt tilrettelagte graver vurderes. Helsefaglig myndighet i kommunen skal gis anledning til å uttale seg om plan for gravplassen før vedtak fattes.

Kirkelig fellestråd er ansvarlig for utarbeidelse av plan for gravplassen og gravkart og for igangsetting av arbeidet.

Endret ved forskrifter 11 des 2002 nr. 1672 (i kraft 1 jan 2003), 18 des 2012 nr. 1328 (i kraft 1 jan 2013).

I andre ledd kan ein legge merke til at det ved vesentlege endringar skal vurderast om det er behov for særskilt tilrettelagde graver, oftast i form av gravfelt for andre religionar som har andre krav.

Folden grønt og plan

Nedlegging av gravplass kan vere eit aktuelt tema. Den viktigaste bestemmelsen knytt til dette finn ein i gravferdsloven § 8:

§ 8. Fredningstid for grav og gravplass.

En grav kan nyttas til ny gravlegging når det har gått minst 20 år siden siste gravlegging og vedtektene for gravplassen ikke fastsetter en lengre fredningstid.

Urne kan likevel nedsettes i kistegrav selv om fredningstiden etter første ledd ikke er utløpt.

Når en gravplass nedlegges, skal den være fredet i minst 40 år etter siste gravlegging.

Endret ved lover 26 aug 2011 nr. 40 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 26 aug 2011 nr. 866), 8 juni 2012 nr. 30 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 8 juni 2012 nr. 502).

I praksis betyr det at ein gravplass må vedlikehaldast i minimum 40 år etter at siste gravlegging fann stad. Deretter må ein t.d. sanere området, ved at alle gravminner og mesteparten av anlegget elles blir fjerna eller ordna til slik at det kan fungere utan årleg vedlikehald. Denne prosessen krev ein plan.

(Spesielt aktuelle formuleringar i lovverket er utheva i denne rapporten).

Generelt inntrykk av teknisk tilstand for gravplassane

Det er naturleg at ein i samband med denne plana også gjer ei generell vurdering av korleis det står til med gravplassane og drifta av dei.

Alle gravplassane har klokkestøypul, oftast i form av eit klokketårn med eit rom under. Klokkestøypul er ei liturgisk innretning som ikkje skal nyttast til andre føremål. Romma som er knytt til klokkestøypulane skal difor i utgangspunktet ikkje vere opphaldsrom eller lagerrom. Dei fleste gravplassane manglar heilt driftsbygning som kan dekke behov for å lagre reiskap. Det er heller ikkje tilgang til pauserom eller toalett. Arbeidsmiljølova set ein del krav til korleis ein arbeidsplass skal innrettast. Tilgang til pauserom, toalett og reiskapsløysing kan t.d. oppfyllast i form av ein innreia lastebil eller liknande, men dette krev ofte førarkort utover det grunnleggande. Det kan også vere ordna på andre måtar. Alternativet er at pauserom, toalett og reiskapsløysingar finst på dei ulike gravplassane. Her kan det ligge ei utfordring. Ein bør også ha syn for at brukarane av gravplassen kan ha bruk for t.d. toalett.

Dei fleste gravplassane har ikkje teknisk driftsareal for lagring av grus, jord, kompost, utgåande gravminne osb.

Vasspostar og bossdunkarrangement er tilrettelagd på enklaste måte. Det er i beste fall funksjonelt, men er på ingen måte til pryd.

Folden grønt og plan

Gjerda er av enkel type, men litt meir enn eit alminneleg gjerde. Vedlikehaldet er noko varierende.

Parkeringsstilhøva er enkle og ofte litt udefinerte. Det bør vere minimum ein plass reservert for dei med spesielle behov, nær inngangen til gravplassen.

Beplanting er i stor grad i form av leplanting med sitkagran, bergfuru o.l. som tar til å bli stor og om nokre år må skiftast ut. Dette bør førebuast, så ein unngår å måtte snaue ned alt saman og begynne heilt på nytt. Mykje av beplantinga er no oppført på den såkalla «Norsk svarteliste» over artar som har stor evne til å spreie seg eller gjere anna ugreie. Det ligg ei utfordring i å finne alternativ som kan vere brukelege.

Når det gjeld naturmangfald har ein konsultert Naturbase og Artskart for å sjå om det er registreringar der. Desse databasane bygger på at nokon har vore i området og gjort registreringar. Viss dette ikkje er tilfelle, så kan naturverdiar vere oversett. Det er gjort ei tilleggsvurdering av om det kan vere eit potensiale for naturverdiar, utan at dette er fullt ut avklarande. T.d. kan det tenkjast at nokre av grasareala har eigenskapar tilsvarande ugjødsla slåttemark som er ein utvald naturtype.

Når det gjeld kulturminne har ein nytta seg av databasane Askeladden og Sefrak.

Som kart er bruka ortofoto frå Gislink. Arealmodulen i Gislink er bruka for å rekne areal. I areala er det stort sett ikkje tatt med parkeringsareal. Areal må reknast som omtrentlege.

Vurdering knytt til jordsmonn og dreneringstilhøve bygger på:

- Observasjon der ein har sett jordsmonn i gravkast
- Observasjon av omliggande grøfter i området, både jordsmonn og grunnvassnivå
- Strategiplan frå 1986 - utsegner
- Samtale med kyrkjevevja/dei som graver.

Det er gjort litt vurderingar kring universell utforming. Når ein finn formuleringar som ingen grunnleggande manglar, vil dette oftast tyde at det helst er mindre tilpassingar som skal til for at krava til universell utforming kan oppfyllest når det gjeld tilkomst. Tilgang til toalett er heilt fråverande og vil vere eit kostbart tiltak om ein skal ha dette på plass.

Edøya gravplass



1. Etableringsår: Truleg frå mellomalderen. Gravplassen har venteleg fungert for heile kommunen til meir lokale gravplassar er etablert.
2. Område som sokner til gravplassen: Edøy sokn. Edøya.
3. Storleik: 1,8 dekar
4. Tilkomst: Gravplassen ligg nær Edøy gamle kyrkje, og har tilkomst i lag med denne. Det er ikkje opparbeidd særskilt parkeringsareal, men blir parkert langs vegen.
5. Jordsmonn: Sand. Vurdert som fullt ut greitt jordsmonn.
6. Totalt tal graver: 290
7. Graver i bruk: 260
8. Graver ledig: 10 reserverte og 20 utan reservasjon.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover: Ca. 4 pr. år.
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Det er ei blanding av større tre og buskplanting. Plantinga fungerer greitt no, men det vil vere nødvendig å gjere grep snart, slik at plantinga vil fungere også om 50 år. Gjerde av tre vassrette fjøler og skrått toppbord, treng smøring.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Nei
14. Teknisk areal, innhald: Plass til boss ved porten. Vatn er tilgjengeleg ved brannslangeskap nærare kyrkja. Driftsareal finst ikkje.
15. Utvidingsmoglegheit

Folden grønt og plan

Nei
16. Universell utforming Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål Både kyrkja og gravplassen må reknast som kulturminne med røter i mellomalderen. Edøygarden er også eit kulturminne som ligg så nær at det påverkar gravplassen direkte. Det er elles gjort jordfunn rundt gravplassen. Det står ein del gravminne som er verneverdige.
19. Kjente naturverdiar: Ask som er raudlista NT finst.
20. Andre spørsmål:

Ødegård gamle gravplass



1. Etableringsår: 1910
2. Område som sokner til gravplassen: Edøy sokn. Innsmøla og Jøstøl.
3. Storleik: 1,5 dekar.
4. Tilkomst: Parkeringsplass ved Edøy kyrkje. Det er også veg frå hovudvegen og inn til gravplassen, med nokre få parkingsplassar felles med bedehuset.
5. Jordsmonn: Oppfylt jord og grus på toppen, og leire i botnen.
6. Totalt tal graver: 220
7. Graver i bruk: 210
8. Graver ledig: 4 reserverte, 6 utan reservasjon.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover:
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Mot vest og nord står det kontortafuru, ganske store. I nordausthjørnet står det ein stor ask. Elles mindre tre, helst slike som har kome av seg sjølv. Lågt gjerde av netting med kvitmåla toppbord.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Nei
14. Teknisk areal, innhald Plass til buss ved porten. Enkel vasspost ved porten. Driftsareal finst ikkje.
15. Utvidingsmoglegheit: Nord og aust for gravplassen er det areal som ved oppfylling kan vere eigna.
16. Universell utforming: Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov:

Folden grønt og plan

Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål: Det er registrerte kulturminner i nærområdet. Det finst gravminner som har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Nei. Gravplassen er strandnær, så det er ikkje usannsynleg at det kan vere uregistrerte naturverdiar i området.
20. Andre spørsmål

Ødegård nye gravplass




1. Etableringsår: 1963
2. Område som sokner til gravplassen: Edøy sokn. Innsmøla, Jøstøl.
3. Storleik: 2,5 dekar.
4. Tilkomst: Grusveg frå hovudvegen. Det er nokre få litt udefinerte parkeringsplassar nær porten.
5. Jordsmonn: Myrjord. Det kan vere område der det er grunt til fjell. Drenering av myrjorda gjer at ho minkar, slik at avstanden ned til drenering og fjell vil minke over tid. Det er betydelege nivåskilnader som truleg skuldast ulike eigenskapar når det gjeld jordsmonn og fukttilhøve i grunnen.
6. Totalt tal graver: 187
7. Graver i bruk:
8. Graver ledig: 4 reserverte.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover:
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Det står ei stor selje og fleire andre store tre. Selja har ikkje særleg levetid igjen. Gjerde av 4 vassrette fjøler og skrått toppbord, kvitmåla.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Nei
14. Teknisk areal, innhald Plass til boss ved porten. Enkel vasspost ved porten. Driftsareal finst ikkje.
15. Utvidingsmoglegheit: Nei
16. Universell utforming:

Folden grønt og plan

Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov: Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål: Nei. Men det finst gravminner som har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Det er ein observasjon av grashoppesanger (VU) i området. Så lenge det ikkje er tale om vesentlege endringar i drifta av gravplassen, er det lite sannsynleg at fuglen blir påverka.
20. Andre spørsmål Planen frå 1987 opplyser at gravplassen er stengt av helserådet oktober 1986. Det er i alle fall vedtak i 2010 om at gravplassen er stengt for kistegravlegging, bortsett frå til dei reserverte.

Ersnes gravplass



1. Etableringsår: 1948
2. Område som sokner til gravplassen: Brattvær sokn. Gjelberg og Stensønes gr.kr.
3. Storleik: 3,3 dekar.
4. Tilkomst: Eigen opparbeidd parkeringsplass knytt til gravplassen. Behovet er truleg dekt ved gravferdshandlingar og alminneleg besøk på gravplassen.
5. Jordsmonn: Grøfta myr på skjelsand. Truleg problem både med for tett jordsmonn og høgt grunnvatn.
6. Totalt tal graver: 364
7. Graver i bruk: 296
8. Graver ledig: 18 reserverte og 50 ikkje reserverte.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover: Ca. 7 pr. år.
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk): -
12. Beplanting, tilstand: Mesteparten av plantinga består av leplanting med sitkagran. Denne må bytast ut om få år. Kvitmåla gjerde, 4 fjøler med skrått toppbord.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Eit klokketårn inneheld eit rom som nok har vore i bruk til ymse føremål, men huset er ikkje tenleg til slike føremål.
14. Teknisk areal, innhald Det er vasspost i porten og midt på gravplassen, og bossdunk ved porten.

Folden grønt og plan

Driftsareal manglar, men det bør vere råd å få til eit slikt areal ved nordvesthjørnet av gravplassen, i nærleiken av parkeringsplassen.
15. Utvidingsmoglegheit: Nei. Men det vil vere mogleg med oppfylling av ca. 1,5 m grus oppå noverande gravplass, slik at ein får fullgode tilhøve med jordsmonn og grunnvatn.
16. Universell utforming: Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov: Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål Nei. Men det finst gravminner som har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Nei
20. Andre spørsmål Gravplassen er nyleg utvida mot sør. Det er grunn til å tru at tett jordsmonn og høgt grunnvatn også gjer seg gjeldande for utvidingsarealet, til ein viss grad.

Gjelberg gravplass




1. Etableringsår: 1908
2. Område som sokner til gravplassen: Brattvær sokn. Gjelberg og Stensønes gr.kr.
3. Storleik: 1,1 dekar
4. Tilkomst Manglar truleg godkjent avkøyrse. Det er ikkje fullt ut køyrbart frå hovudvegen og bort til gravplassen. Uhøvelege parkeringstilhøve.
5. Jordsmonn: Truleg myrjord på skjelsand, grunt til fjell og høgt grunnvatn.
6. Totalt tal graver: 304
7. Graver i bruk:
8. Graver ledig: -
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut: -
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover: -
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Det står noko kvitgran som leplanting rundt gravplassen.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Nei
14. Teknisk areal, innhald: Vasspumpe i porten er ikkje i funksjon. Ikkje ordning for boss. Ikkje driftsareal.
15. Utvidingsmoglegheit:

Folden grønt og plan

Ikkje aktuelt
16. Universell utforming: Store manglar ved tilkomsten.
17. Andre gravleggingsbehov: -
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål: Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Det står ei alm som er raudlista i kategori NT. Vidare finst det ask (NT). Det er elles truleg at det kan vere fugleliv av spesiell verdi knytt til Sør Hjellbergvatnet.
20. Andre spørsmål: Gravplassen har i praksis vore stengt for kistegravlegging ein del år. Det er sett ned urne sist i 2011.

Råket gamle gravplass




1. Etableringsår: 1931
2. Område som sokner til gravplassen: Brattvær sokn. Råket.
3. Storleik: 1,1 dekar
4. Tilkomst: Det går veg heilt fram til porten, men det er ikkje opparbeidde parkeringsplassar.
5. Jordsmonn: Skjelsand øvst, leire i botn og grunnvatnet står ein del for høgt. Den delen som ikkje er tatt i bruk har truleg for lita djupne til fjell.
6. Totalt tal graver: 176
7. Graver i bruk:
8. Graver ledig: 2 reserverte.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover:
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Det står nokre furutre i eine enden av gravplassen. Planting av nokre vanlege furutre elles på gravplassen vil vere positivt. Det er ikkje stort behov for ytterlegare planting. Gjerde av 4 vassrette fjøler og skrått toppbord, kvitmåla.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Det finst ikkje rom utanom i klokketårnet.
14. Teknisk areal, innhald: Ikkje vasspost, men det er råd å finne vatn i ei grøft på utsida av gravplassen. Bossdunk står ved porten. Det er ikkje driftsareal, men det vil truleg vere mogleg å etablere slikt areal langs stikkvegen, rett nord for gravplassen om det er ønskjeleg.
15. Utvidingsmoglegheit:

Folden grønt og plan

Det ligg areal ved sidan av, men ein må i så fall fylle opp både noverande gravplass og utvidingsareal med minst ein meter med eigna masse. Sjå under Volla.
16. Universell utforming: Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov: Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål: Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Det er ein naturtypelokalitet aust for gravplassen knytt til strandeng/strandsump. Denne kan bli påverka viss ein gjer vesentlege tiltak for å senke grunnvatnet på gravplassen.
20. Andre spørsmål

Vollan gravplass



1. Etableringsår: 1971
2. Område som sokner til gravplassen: Brattvær sokn. Råket.
3. Storleik: 2,2 dekar
4. Tilkomst: Eigen opparbeidd parkeringsplass knytt til gravplassen. Behovet er truleg dekt ved gravferdshandlingar og alminneleg besøk på gravplassen.
5. Jordsmonn: Skjelsand gir gode tilhøve, men springflo påverkar grunnvatnet. Eit løft av gravplassen på vel 0,5 m vil løyse problemet med grunnvatn no.
6. Totalt tal graver: 315
7. Graver i bruk: 261
8. Graver ledig: 24 reserveerte, 15 eller moglegvis nokre fleire ikkje reserveerte.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover: Ca. 6 pr. år.
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Det er omtrent ikkje beplanting på gravplassen. Det er oppmura steingjerde.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass. Det finst ikkje rom utanom i klokketårnet.
14. Teknisk areal, innhald: Det er vatn ved porten. Bossdunk står ved porten. Det er ikkje driftsareal, men det vil truleg vere mogleg å etablere slikt areal mellom haugane rett nord for gravplassen, om det er ønskjeleg.
15. Utvidingsmoglegheit: Eit areal på sørsida av eksisterande gravplass (trekantforma areal på ortofoto) er sannsynlegvis godt

Folden grønt og plan

eigna, men krev løfting av terrenget for å unngå grunnvatnet ved springflo.
16. Universell utforming: Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov: Ikkje dekt, men kan truleg dekkast om det blir aktuelt med utviding.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Ingen
20. Andre spørsmål

Lillenes gravplass



1. Etableringsår: 1928
2. Område som sokner til gravplassen: Brattvær sokn. Dyrnes – Lillenes.
3. Storleik: 2,9 dekar.
4. Tilkomst: Det er opparbeidd ein liten parkeringsplass nord for gravplassen. Denne er truleg for liten ved gravferdshandlingar, men tilstrekkeleg elles. Porten frå gravplassen går rett ut i hovudvegen og må reknast som trafikkfarleg. Det bør vere mogleg å opparbeide gangveg over gravplassen frå parkeringsplassen, slik at noverande port kan stengast.
5. Jordsmonn: Store delar av gravstaden er for grunn til fjell. Elles er det truleg myr, jord, stein, og dreneringa ser ut til å vere dårleg.
6. Totalt tal graver: Ca. 200
7. Graver i bruk:
8. Graver ledig:
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover:
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Mesteparten av plantinga består av leplanting med sitkagran. Denne må bytast ut om få år. Kvitmåla gjerde, 4 fjøler med skrått toppbord mot vegen og parkeringsplassen, elles sauenettinggjerde.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Det finst ikkje rom utanom i klokketårnet.
14. Teknisk areal, innhald

Folden grønt og plan

Det er ikkje vatn. Bossdunk står ved porten. Det er ikkje driftsareal, men det vil truleg vere mogleg å etablere slikt areal ved parkeringsplassen.
15. Utvidingsmoglegheit: Truleg dårleg.
16. Universell utforming: Det må lagast ny gangveg gjennom gravplassen frå parkeringsplassen for å få til universell utforming.
17. Andre gravleggingsbehov: Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar Nei
20. Andre spørsmål: Vedtatt stengt for kister. Urne sist nedsett 2012.

Aunvågen gravplass



1. Etableringsår: 1932
2. Område som sokner til gravplassen: Hopen sokn. Hopen.
3. Storleik: 2,1 dekar.
4. Tilkomst: Eigen opparbeidd parkeringsplass knytt til gravplassen. Behovet er truleg dekt ved gravferdshandlingar og alminneleg besøk på gravplassen.
5. Jordsmonn: Myr på skjelsand, truleg høgt grunnvatn. Det vil truleg vere mogleg å fylle opp med eigna masse oppå for å oppnå betre grunntilhøve.
6. Totalt tal graver: 290
7. Graver i bruk:
8. Graver ledig: 20 reserverte, 7 som ikkje er reservert.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover: Ca. 4 pr. år.
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Mesteparten av plantinga består av leplanting med sitkagran. Denne må bytast ut om få år. Grått gjerde, 4 fjøler med skrått toppbord.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Det finst ikkje rom utanom i klokketårnet.
14. Teknisk areal, innhald: Det er ikkje vatn. Bossdunk står ved porten. Det er ikkje driftsareal, men det vil truleg vere mogleg å etablere slikt areal ved parkeringsplassen.
15. Utvidingsmoglegheit: Utviding mot sørvest er truleg mogleg viss ein skifter ut masse og løfter terrenget.

Folden grønt og plan

16. Universell utforming: Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov: Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Det er ein naturtypelokalitet; Artsrik vegkant, langs vegen forbi gravplassen. Største trugsmålet mot denne frå gravplassen si side er rømlingar av svartelisteplanter.
20. Andre spørsmål

Veiholmen gravplass



1. Etableringsår: Før 1953
2. Område som sokner til gravplassen: Hopen sokn. Veiholmen.
3. Storleik: 2,2 dekar.
4. Tilkomst: Eigen opparbeidd parkeringsplass knytt til gravplassen. Behovet er truleg dekt ved gravferdshandlingar og alminneleg besøk på gravplassen.
5. Jordsmonn: Den opphavlege gravplassen har for nokre år tilbake fått eit påfylt lag med grus, slik at jordsmonn og djupne er tilfredsstillande.
6. Totalt tal graver: 300
7. Graver i bruk:
8. Graver ledig: 24 reserverte, 50 utan reservasjon.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover: Ca. 7 pr. år. Dei som sokner til denne gravplassen har høgare alder enn gjennomsnittet.
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand:
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Det finst ikkje rom utanom i klokketårnet.
14. Teknisk areal, innhald Plass til buss ved porten. Enkel vasspost ved klokkestøypul. Driftsareal finst ikkje.
15. Utvidingsmoglegheit: Det er teknisk mogleg med utviding, anten ved oppfylling austover eller vestover, eller bortsprenging og påfylling av grus mot nord. Eit slikt tiltak vil ha både landskapsmessige og naturmessige konsekvensar som må avklarast nærare.

Folden grønt og plan

16. Universell utforming: Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål: Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Nei
20. Andre spørsmål

Sætran gravplass




1. Etableringsår: 1934
2. Område som sokner til gravplassen: Hopen sokn. Sætran, Frostadheia, Steinsøysund.
3. Storleik: 2,3 dekar.
4. Tilkomst: Gardsveg frå hovudvegen. Nokre få plassar til parkering.
5. Jordsmonn: Myrjord, sandjord og i botnen leire. Grunnvatnet står noko høgt. Delar av gravplassen er oppfylt med liknande masse som finst elles. Det er betydelege nivåskilnader som truleg skuldast ulike eigenskapar når det gjeld jordsmonn og fukttilhøve i grunnen.
6. Totalt tal graver: 250
7. Graver i bruk: 235
8. Graver ledig: 11 reserverte, 4 utan reservasjon.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover:
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Det står eit par grove seljer som er gamle og medtatte. Det har tidlegare vore noko sitkagran som alt er fjerna. Mot nordvest er det ein rest igjen av buskplanting, truleg ungarsk syrin. Kvitt gjerde, 4 fjøler med skrått toppbord.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass: Det finst ikkje rom utanom i klokketårnet.
14. Teknisk areal, innhald Plass til boss ved porten. Manglar vasspost. Driftsareal finst ikkje.
15. Utvidingsmoglegheit: Nei
16. Universell utforming:

Folden grønt og plan

Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov: Ikkje dekt.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Nei
20. Andre spørsmål

Rokstad gravplass



1. Etableringsår:
2. Område som sokner til gravplassen: Edøy sokn. Innsmøla – Nordvika. I tillegg til delar av Hopen.
3. Storleik: 11 dekar
4. Tilkomst: Eigen parkeringsplass knytt til gravplassen. Behovet er truleg dekt ved gravferdshandlingar og alminneleg besøk på gravplassen.
5. Jordsmonn: Sand. Vurdert som fullt ut greitt jordsmonn.
6. Totalt tal graver: 380 på gamal del og 475 på ny del, til saman 855
7. Graver i bruk:
8. Graver ledig: 35 reserveerte, 420 som ikkje er reserveerte.
9. Brukte graver der fredingstida har gått ut:
10. Tal gravlagde siste 20 år, eventuelle endringsfaktorar framover: Ca. 8 pr. år dei siste 5 åra.
11. Siste gravleggingsår (for gravplass som ikkje er i bruk):
12. Beplanting, tilstand: Rundt den gamle delen er det furu langs kanten. Rundt den nye delen er det delvis planta etter planteplan.
13. Tilgang til toalett, pauserom, innvendig lagerplass Det finst ikkje rom utanom i klokketårnet.
14. Teknisk areal, innhald Plass til boss ved porten. 3 vasspostar på det nyaste arealet. Driftsareal delvis avskjerma med vegetasjon.
15. Utvidingsmoglegheit: Nei

Folden grønt og plan

16. Universell utforming: Ingen grunnleggande manglar, men detaljar kan betrast.
17. Andre gravleggingsbehov: Avsett areal for andre gravleggingsbehov.
18. Kjente kulturminner. Bevaringsspørsmål: Ingen kjente fornminne. Gravminner har bevaringsverdi.
19. Kjente naturverdiar: Nei
20. Andre spørsmål

Folketal og folketalsutvikling

	1.1.1986	1.1.2013
Edøy	863	
Brattvær	749	
Hopen	1246	
Kommunen	2858	2180

Nedlegging av gravplassar

Det er i kommunen to gravplassar, Dyrnes gamle gravsted og Rokstad gamle gravsted (Elverhøy), som i praksis er nedlagt, utan at alle spørsmål kring nedlegging er avklara. Som følgje av handsaminga av denne strategiplanen for gravplassane på Smøla, kan nedlegging bli aktuelt for ytterlegare nokre gravplassar. Sakshandsaming kring nedlegging av gravplass blir difor gjennomgått, slik at ein kan ha eit inntrykk av kva ei nedlegging i praksis vil seie.

Nedlegging blir i hovudsak omtala i § 8 i gravferdslova, 3. ledd:

§ 8.Fredningstid for grav og gravplass.

Når en gravplass nedlegges, skal den være fredet i minst 40 år etter siste gravlegging.

Endret ved lover 26 aug 2011 nr. 40 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 26 aug 2011 nr. 866), 8 juni 2012 nr. 30 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 8 juni 2012 nr. 502).

Gravferdsforskriften avklarar nokre tilhøve kring festerett m.v. i samband med nedlegging av ein gravplass og kva som må skje viss eit slikt areal skal nyttast til andre føremål :

Folden grønt og plan

§ 11. Nedlagt gravplass

Det kan ikke kreves erstatning for rettigheter som faller bort som følge av at gravplass eller deler av den blir nedlagt.

Før område på nedlagt gravplass bebygges eller legges under fast dekke, skal området gjennomgraves og eventuelle likrester gravlegges i felles grav på gravplass. Kulturminnemyndighetene skal gis anledning til å uttale seg før gjennomgraving skjer.

Endret ved forskrifter 18 des 2012 nr. 1328 (i kraft 1 jan 2013), 22 jan 2014 nr. 41.

Ei nedlegging av gravplass må skje i fleire steg. Første steg er å få fram eit grunnlag slik at det kan gjerast vurderingar og vedtak. Jo betre grunnlaget er, jo meir sannsynleg er det at ein får til eit vedtak det er stor semje om. Første steget er i form av at det ikkje lenger er høve til å gravlegge nokon der. Alt på dette tidspunktet bør det også vere ein del tankar om kva som skal skje vidare med gravstaden når 40 år er gått, og det kan vere tid for at nedlegginga i hovudsak vil bli fullført. I heile førtiårsperioden må gravplassen ha eit visst vedlikehald, gravplassen vil jo også vere i bruk ved at festarane har graver dei ser til og steller.

Etter førti år gir gravferdslova høve til å legge ned gravplassen for godt, og det må då gjerast med eit vedtak. Viss arealet skal byggast på eller leggast under asfalt, er det eigen prosedyre for dette som vi ikkje treng vurdere for Smøla. Det andre alternativet er at arealet går tilbake til kulturmark, t.d. som beite, eller det går tilbake til naturen. Ein kan også tenkje seg at arealet får eit nytt føremål, t.d. som park eller liknande. I alle fall er det mykje som talar for at staden må ha ei form for markering, at det er ein stad ein kan oppsøke, og at det er noko informasjon om kva som har vore. Dette må vere både verdig og enkelt, og eventuell ny bruk må ikkje verke støytande. Framleis kan det vere behov for noko tilsyn og vedlikehald, men då på eit minimum.

Når dei førti åra har gått må ein også ta stilling til kva som skal skje med det som er på gravplassen. Det kan vere spesielle gjenstandar som klokke, smijarnsutstyr og anna. Dessutan vil det normalt stå igjen ein del gravminne. Mange av desse vil vere eigd av festar og må få ei avklaring i lag med dei. Andre gravminner har ingen kjent eigar, andre har igjen eit eigartilhøve i form av at festar tidlegare har avklara, og at det er fellesrådet som står som eigar. Fellesrådet har plikt til å vurdere gravminner og utstyr i samsvar med gjeldande føresegner for kulturminner. Det kan mellom anna vere aktuelt å flytte ein del av slikt utstyr til gravplassar som framleis er i bruk. Eigartilhøve til grunnen kan også bli eit spørsmål ein må ta stilling til.

Eit særleg konfliktfylt spørsmål kan vere knytt til festegraver der det lever igjen ein ektemake. Spørsmålet her er om gravplassen skal stengast for ny gravlegging på eit bestemt tidspunkt, utan høve for å gravlegge ektemake ved sidan av den som døydde først, eller om det skal gjerast unntak for lengstlevande ektemake. Alternativa kan ha stor innverknad på kor lenge det vil gå før ein gravplass kan leggast ned permanent. Det er mogleg å klarlegge for kvar gravplass kven dette gjeld, og gjere konkret vurdering for kvar gravplass.



Folden grønt og plan

Samandrag:

Avgjerda som strategiplanen krev før han er vedtatt skal gjerast politisk, og konsulenten vil vere varsam med å legge føringar for dette, men det er nokre moment av meir teknisk karakter som bør oppsummerast, og så skal ein vere klar over at det er eit heilt sett med andre omsyn som også tel med.

Gravplasser som har gode grunntilhøve:

Edøya gravplass, Rokstad gravplass, Veiholmen.

Moglegheit for utbetring av grunntilhøve ved løft av terreng/påfylling av grusmasse:

Ersnes gravplass, Råket gamle gravplass, Vollan gravplass, Aunvågen gravplass.

Moglegheit for utvida gravareal:

Ødegård gamle gravplass, Vollan gravplass.

Gravplasser med store investeringskostnader ved fortsatt bruk:

Gjelberg gravplass, Råket gravplass, Lillenes gravplass, Sætran gravplass, Ødegård nye gravplass, Ødegård gamle gravplass.